

# Misjonsteologiske utfordringar av ulikt slag

Tre nokså ulike misjonsteologiske utfordringar er handsama i dette nummeret. Den første møter vi i ein type gamaltestamentlege tekster – profetane sine domsord over folkesлага. Den andre utfordringa dreier seg om tidsforståinga i tradisjonell afrikansk religion til forskjell frå det kristne tidsomgrepet. Den siste utfordringa møter vi i veksten som vi ser går føre seg innan den pinsekarismatiske sektoren av den verdsvidde kyrkja.

Sverre Bøe, professor ved Fjellhaug Internasjonale Høgskole, tek føre seg dei såkalla «folkeorakla» i Det gamle testamentet, dei profetiske domsorda over folkesлага. Det bør seie seg sjølv at desse domsorda har misjonsteologisk relevans. Som det heiter i Mal 1:5, som Bøe siterer i overskrifta: «Herren er stor, ut over Israels grenser.»

Domsorda over framande folkeslag dekkjer ca. 50 sider i Det gamle testamentet. Likevel vert desse tekstane lite omtalte og utnytta i misjonsvitenskapleg litteratur. Sverre Bøe vil med sin artikkel å bøte på dette. Bøe meiner at domsorda inneheld mange implikasjoner for misjonsteologiien.

Dei fleste av domsorda gjev – som namnet seier – uttrykk for Guds dom over folkesлага. Hovmod og brot mot det første bodet utløyser Guds dom. Det er også avgjerande korleis folkegruppene behandler Israel/Juda og kvarandre. Gud dømer urett kvar den enn finst. Dette inneber at Gud held alle folkeslag ansvarlege overfor han. Vidare dreg Bøe fram tekster som understrekar at vi alle er Guds skapningar. Ikkje minst derfor har vi alle med Gud å gjere. Det gjeld også dei som ikkje kjenner han. Eit overordna tema for folkeorakla er Guds universelle og suverene herredømme. Til sist framhevar Bøe at sjølv om folkeorakla primært er domstekster, kjem også glimt av Guds kjærleik til menneskeheita til uttrykk.

Kva slags tidsforståing ein kultur eller religion opererer med, er ikkje irrelevant for misjonsteologien. Eit tidsomgrep med trekk som tydeleg skil seg frå den kristne tidsforståinga, vil møte oss som ei klar kontekstualiseringutfordring. Samstundes høyrer ikkje tidsforståinga med til dei kultur- eller religionselementa som vi først får auge på i møte med ei framand kontekst. Carsten Elmelund Petersen, førsteamuanensis ved Dansk Bibelinstitutt, tek føre seg tidsomgrepet i afrikansk religiøsitet, og kva slags misjonsteologiske utfordringar dette møter oss med.

Han tek utgangspunkt i forskinga til den kenyanske teologen John Mbiti, som er blitt omtala som «den afrikanske teologis far». Mbiti forstod tradisjonell afrikansk religion som eit afrikansk forstadium til kristendommen, men likevel ikkje som eit afrikansk gammaltestamente.

Mbiti påpeika at tidsforståinga utgjer eit vesentleg problem. Det bibelske tidsomgrepet er grunnleggande lineært. I det klassiske afrikanske tidsomgrepet derimot opererer ein ikkje med det tradisjonelle skilje mellom fortid, notid og framtid. Tida er primært syklistisk. Ein skil likevel mellom fjern fortid og utvida notid.

Artikkelen analyserer deler av debatten omkring dette problemet. Det mest kritiske elementet ved ulikskapane i dei to tidsforståingane dreier seg om den bibelske framtida, eskatologien. Denne utgjer ei avgjerande utfordring for dagens teologi i Afrika.

Den siste misjonsteologiske utfordringa er det Helje Kringlebotn Sødal som tek opp. Sødal er professor ved Universitetet i Agder. Det dreier seg om veksten vi ser går føre seg innan den pinsekarsimatiske sektoren av den verdsvide kyrkja. Denne veksten har neppe parallellear i kyrkjehistoria. Sødal spør kva årsakene til veksten kan vere. Ho argumenterer for at visse element innan karismatisk/pentekostal teologi kan bidra til forklaringa, og framhevar sider ved pneumatologien, eskatologien og ekklesiologien. Den pentekostale/karismatiske pneumatologien opnar for erfaringar, autensitet og moderne religiøse former som kan fungere sosialt inkluderande. Eskatologien utløyser misjonsglød. Ekklesiologien legg til rette for lokal tilpassing, lite byråkrati, raske endringar og gjer ein open for nytenking. Dette dannar grunnlaget for ein ambisiøs, globalt og samstundes lokalt orientert misjonsteologi. Farane er at pneumatologien kan bli svermerisk, eskatologien kan misse si kraft dersom forventningar om ei nær gjenkome ikkje vert oppfylte, og den lause ekklesiologien kan gjere forsamlingane lite robuste.

*Arne Redse*